



Vidar Kolås  
Hønsedalen 24 B  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/2725 - 17/28984

Saksbehandlar:  
Per Sveinar Morsund  
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:  
06.10.2017

## Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 172/169 Hopland

Byggjestad: Gbnr: 172/169  
Tiltakshavar: Vidar Kolås

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 05.09.2017.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

- Byggesak er ikkje samd i vurderinga som er lagt til grunn i forhold til arealutrekning. Når det gjeld BYA for tilbygget må også overbygd areal reknast med. Heile flatearealet til terrassen må difor takast med. I tillegg er det lagt til grunn at parkeringsareal for begge biloppstillingsplassane skal flyttast inn i garasje. Vi kan ikkje sjå at garasje som skissert vil ha plass til to bilar. Det er elles lagt til grunn at arealkrav for parkeringsareal til kvar av seksjonane er 36 m<sup>2</sup> som tilsvarer 18 m<sup>2</sup> per bil. Det er tilstrekkeleg å rekne med 10 m<sup>2</sup> i parkeringsareal per bil inn i BYA slik at det kan være mogeleg å seinke areal avsett til parkering. Dersom det er aktuelt å senke areal avsett til parkering for begge seksjonane bør det imidlertid leggest fram samtykke til dette frå eigar av den andre seksjonen.
- Dersom %BYA etter revidert arealberekning vert over 20 % BYA er de ikkje innanfor unntaka i kommuneplanen ift. plankrav. Det må då eventuelt søkast om dispensasjon frå kommuneplanen punkt 1.1 for plankravet som slår inn.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 15.11.17. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.



**Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av <plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1>/<forvaltningslova § 11a>.

**Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Vidar Kolås

Hønsedalen 24 B 5912

SEIM